

## HØYRINGSSVAR TIL «UTKAST TIL REGLAR OM FULLMAKTER OG BEHANDLINGS- PROSEDYRE I RETTSKRIVINGSSAKER»

Normeringsmandatet til Språkrådet i arbeidet med den nye nynorskrettskrivingi. Nye vedtekter for Språkrådet gjeld framtid. Det etablerte normeringsregimet - serleg for nynorsk - gjev derimot ein frampeik på kva me kan venta oss. Me gjeng difor stutt gjennom korleis Språkrådet løyste normeringsmandatet frå Kulturdepartementet.

Kulturdepartementet la til grunn to konkrete prinsipp for framtidig normering, og sa dessutan at desse to prinsippi måtte fylgjast mest mogeleg konsekvent – d.e. 1) sjølvstendig normering av nynorsk og bokmål utan tilnærming, og 2) stabilitet i rettskrivingi. Anna enn desse to prinsippi la ikkje departementet spesifikke og detaljerte føringar. Me dryfter berre andre prinsipp - prinsippet om stabilitet i rettskrivingi. Då departementet tala om bokmål og «stabil norm», innebar det konkret lite valfridom - ikkje berre låg frekvens av rettskrivingsendringar. Departementet målbar jamvel at «[t]ruleg vil det også vera med på å sikra slik stabilitet at variasjonen i faktisk språkbruk i bokmål synest å vera klart mindre enn den valfridommen som rettskrivinga opnar for». <sup>1</sup>

Då Språkrådet sette i gang arbeidet med ny rettskriving for nynorsk, stod det sentralt i mandatet dei gav rettskrivningsnemndi, at den nye rettskrivingi skulle vera tydeleg, enkel og stram. Få var i tvil om at dette var mynta på den store vandsken med nynorsk rettskriving - virvaret av former utan system. Som det hét frå Riise-nemndi (innst. s. 32): «I slutten av 90-åra tok stadig fleire til orde for at den store valfridommen i nynorsken skaper forvirring blant dei som skal læra nynorsk, og at den offisielle norma burde strammast inn».

No når rettskrivingi er vedteki, kan me ikkje sjå at dette hev vore nokor hovudsak i arbeidet. At Språkrådet no må vedtektfesta rådgjeving og rettleiing i valfridomen i ei rettskriving dei sjølve har laga, ber bod om fallitt.

### **Utkastet til nye vedtekter**

Vårt hovudankepunkt mot dei nye vedtektaene er ikkje først og fremst at Språkrådet fær utvida normeringsfullmakter, men at det ligg for mykje til Språkrådet å utforma tolkingsgrunnlaget for dei nye vedtektaene. Tolkingsromet vert for stort.

#### Formalitetane kring godkjenning:

Det heiter i § 3 i utkastet at «[v]edtak om gjennomgripande endringar eller systemendringar skal leggjast fram for departementet til godkjenning» - departementet må godkjenna. Det heiter likevel i same bolk at «Språkrådet kan [...] gjer[a] bindande normeringsvedtak når språkutviklinga tilseier det» og at «[d]ersom faktisk språkbruk eller systemomsyn gjer det formålstenleg, kan Språkrådet gjera vedtak om ny stavemåte eller bøying av tidlegare normerte ord eller justeringar i gjeldande skrivereglar» - departementet treng ikkje godkjenna. At Språkrådet ikkje treng godkjenning frå departementet, vert presisert i høyringsbrevet på s. 6: «Dette skjønnet [kravet om godkjenning i departementet ] vil det i siste instans vera opp til styret å utøva». Det vert neppe mogeleg i noko praktisk tilfelle å overprøva den diskresjonære kompetansen å styret, skulle styret vedtaka på eigi hand.

---

<sup>1</sup>Sjå innst. S. nr. 184 08-09, pkt. 1.6.4.1 og St.meld. nr. 35 07-08, pkt. 8.4.2.5.

### Kriteria for normendring:

Kriteria for normendring er i utkastet definerte etter omgrepi «språkutvikling», «faktisk språkbruk» og «systemomsyn». Det kjem ikkje fram i høyringsnotatet korleis Språkrådet skal dokumentera «språkutvikling» og «faktisk språkbruk». I våre notat til departementet om ny rettskriving 4. august og 12. september 2011 viste me at over 20 % av nynorskkorpuset inneheldt reine bokmålstekster og at rettskrivningsnemndi tok med dette tilfanget i normeringi av nynorsk. Nynorskkorpuset var hovudkjelda for rettskrivningsnemndi i arbeidet med den nye rettskrivingi. Det kjem heller ikkje fram kva råme desse omgrepi skal tolkast i, t.d. om rettskrivingsendringar skal føregripa språkutviklingi. I arbeidet med den nye nynorskrettskrivingi såg me at rettskrivningsnemndi i spådomen om framtidnynorsken plukka opp bokmålsformer som «utviklingstendensar», endå desse bokmålsformene var lite frekvente.

Det heiter dessutan i § 3 i utkastet at Språkrådet kan gjera normendringar «[d]ersom faktisk språkbruk eller systemomsyn gjer det formålstenleg [vår uthev.].» Det kjem ikkje fram i høyringsnotatet kva som ligg i omgrepene «systemomsyn», heller ikkje om endringar etter «systemomsyn» kan gjerast i strid «faktisk språkbruk». I våre notat til ny rettskriving såg me mange døme på endringar etter «systemomsyn» i strid med «faktisk språkbruk», t.d. at genus ved alle ord på -skap (avleidde av substantiv) vart utvida til inkjekyn. Me kan soleis venta oss at ei endring av faktiskt språkbruk i einskildord eller i ei avgrensa mengd ord vert bruka til å grunngjeva endring av heile klassor eller grupper av ord.

### Tilrådde eller rådgjevande undernormer:

Styret i Språkrådet samtykte 20. mai 2011 til ny nynorskrettskriving, utan sideformer. Endå første punkt i mandatet frå styret i Språkrådet til rettskrivningsnemndi var å laga «ei tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk, utan sideformer», slær vedtaket 20. mai kontra og seier at valfridomen og fåren for bokmålstilnærming no vert so stor, at Språkrådet difor skal laga ei «tilrådd norm» til bruk i offentlege og private institusjonar.

I § 3 i utkastet heiter det no einast at «[s]om eit tilbod til språkbrukarar som ønskjer hjelp til å finna fram i valfridommen i rettskrivinga, kan Språkrådet i høveleg form utarbeida rådgjevande informasjons- og rettleiingsmateriell som er tilpassa behovet innanfor dei respektive målformene». Det kjem likevel tydeleg fram at styret enno har klåre ambisjonar om å laga ei slik tilrådd norm. I eit seinare dokument Språkrådet i vanvaret offentleggjorde heiter det at «[s]tyrevedtaket om å utforme ei tilrådd norm for nynorsk: Blir dekt gjennom siste avsnittet i ny § 3». I eit tidlegare utkast 8. juni 2011 til nye vedtekter er jamvel «tilrådd norm» eksplisitt nemnd under § 5 «Fullmakter og behandlingsprosedyre i normeringsspørsmål». Seinare vart ordingi endra til meir generelle vendingar, vel etter kritikk utantil. Me tolkar elles «jamstellingi» mellom bokmål og nynorsk i saki om rådgjevande normer som ei tilsløring av at dette gjeld nynorsk. Likevel kan det som ein uventa konsekvens tenkast at lekken om rådgjevande normer i vedtekten, som ei op i fullmakt, fær fylgjor for bokmål. Ikkje no, men i framidi.

I høyringsnotatet s. 7 argumenterer departementet at det er naturleg at Språkrådet òg gjev råd og rettleiing i valfridomen når Språkrådet elles gjev generell rådgjeving og rettleiing i språkfaglege spørsmål. Men rettleiing i valfridomen er ikkje definert som generell rådgjeving og rettleiing i språkfaglege spørsmål etter § 1 i vedtekten. Rettleiing i valfridomen høyrer til under § 3 i utkastet, og er soleis ei sak for styret som krev vedtak. Det er då opplagt at bolken om rettleiing i valfridomen femner vidare enn generelle rådgjevingssaker. Etter di denne rettleiingi i valfridomen formelt heller ikkje er ei normeringssak etter § 5 i utkastet, ulikt tidlegare utkast til nye vedtekter, men ei styresak, kjem det ikkje fram kva rolla fagråd 3 skal ha i dette arbeidet eller kva prosedyrar som skal fylgjast. Etter vår mening bør det elles fastsetjast eigne og utvida innsynreglar i dette tilfellet og andre normeringssaker, t.d. at saker om normering mellom styret og fagråd 3 skal vera ålment tilgjengelege.

I fall styret i Språkrådet og Kulturdepartementet no er uroa over korleis den store valfridomen i nynorsken skapar for vanskar språkbrukarane, er det noko departementet og styret i Språkrådet burde ha tenkt på tidlegare.

Vyrdsamt,  
/s/  
Sergej Alexander Munkvold, formann i Ivar Aasen-sambandet